
Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Signe Eikenes

Arkivsaksnr.: 05/00028

Nasjonal transportplan 2006-2015 - Handlingsprogrammet

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Som ein del av dei økonomiske planrammene for Vestlandsforsøket tek Vestlandsrådet den fylkesfordelte riksvegramma for Rogaland og Sogn og Fjordane til orientering. Vestlandsrådet føreset at fylkestinget i Hordaland avklarar fordelinga av den fylkesfordelte riksvegramma i Hordaland mellom Vestlandsforsøket og forsøket i Bergen. Vestlandsrådet må få den same friheitsgraden til prioritering av kollektivmidlar innanfor forsøksramma som det ein har i byforsøket i Bergen.

For å vurdere samordning av investeringstiltak og planaktivitetar innanfor Vestlandsforsøket ber Vestlandsrådet om at regionvegsejefen snarast råd utarbeider ein oversikt over vegstrekingar som krysser fylkesgrenser eller på andre måtar har ein landsdelsfunksjon, der det vert synleggjort investeringsbehov, planbehov og det som no er foreslått prioritert i forslaget til handlingsprogram 2006-2015.

2. Vestlandsrådet sluttar seg til prioriteringsnøkkelen for rassikringsprosjekta som Statens vegvesen Region vest har nytta. Fordelinga mellom fylka ligg fast.
3. Dei komande anbudsprosessane for ferjesektoren må ikkje føre til ein reduksjon i standard på ferjemateriell, opningstid og frekvens.
4. Vestlandsfylka må få meir innsyn i og høve til å delta i arbeidet med Stadt skipstunnel, og vi forventar at Kystverket legg opp til ei god framdrift for prosjektet.
5. Saka vert oversend til fylka som grunnlag for vidare handsaming av Nasjonal transportplan (2006-2015) – Handlingsprogram

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Statens vegvesen Region vest: Nasjonal transportplan Handlingsprogrammet 2006-2015, Region vest – fellesdel

Fylkesvise omtalar inklusiv tabellmateriale

Statens vegvesen Vegdirektoratet: Handlingsprogrammet for stamvegrutene

Handlingsprogram for Kystverket 2006-2015

Handlingsprogram for Jernbaneverket

Saksframstilling

SAMANDRAG

Vestlandsrådet er høyringsinnstans for Handlingsprogrammet for Kystverket, Jernbaneverket og Statens vegvesen sitt stamvegnett. Vestlandsrådet vil gje tilslutning til hovudtrekka i Kystverket og Jernbaneverket sine forslag med ein merknad om at det må vere fokus på framdrifta for Stadt skipstunnel. Når det gjeld stamvegar så meiner Vestlandsrådet at også utbygginga på Austlandet må finansierast med ein vesentleg bompengedel. Kyststamvegen, E 39, blir kommentert i eiga sak: Vest 39.

Vestlandsrådet skal handsame prioriteringar av midlar på post 60, øvrige riksvegar under forsøket, og midlar på post 31, rassikring. Hovudrammene for post 60 vil Vestlandsrådet gje sin tilslutnad til, men eventuelle endringar på prioriteringar mellom prosjekt vil vi kome attende til i møtet 22. april etter fylka si handsaming av forslaga. Vi meiner intensjonen med forsøket kjem for dårleg fram i Regionveg sjefen sitt forslag til handlingsprogram. Fylka må sjåast i samanheng, og då er det spesielt viktig å ha fokus på dei fylkeskryssande vegstrekningane og vegstrekningar som på andre måtar har ein landsdelsfunksjon. Fylkesrådmannen vil difor rå til at Regionveg sjefen fram mot handsaminga av handlingsprogrammet i det enkelte fylke utarbeider ein oversikt over aktuelle strekningar med tilhøyrande investeringsbehov.

Dei nye servicenormene som skal leggast til grunn for framtidige ferje anbod må ikkje gje eit dårlegare servicetilbod på dei aktuelle ferjesambanda enn det vi har i dag.

For fordeling av midlane til rassikring er det utarbeidd ein metodikk. Vestlandsrådet meiner denne er eit godt utgangspunkt for prioritering av tiltak. Dei fylkesrammene som denne modellen gjev bør ligge fast slik at eventuelle omprioriteringar i fylka må takast innan for det respektive fylke.

1. Bakgrunn

Regjeringa la den 12. mars fram St.meld nr 24 (2003-2004) Nasjonal transportplan 2006-2015. Nasjonal transportplan (NTP) er eit verktøy for å prioritere bygging, vedlikehald og drift av statleg infrastruktur innan og mellom ulike transportformer, kjøp av transporttenester og ulike finansieringsformer. Stortinget legg til grunn følgjande hovudmål for transportpolitikken:

- Færre drepne og alvorleg skadde i vegtrafikken, og framleis høg tryggleik i dei andre transportformene.
- Meir miljøvennleg bytransport med redusert bilavhengigheit og auka kollektivtrafikk
- Betre framkomst i og mellom regionar for å fremje utvikling av levedyktige distrikt, vekstkraftig bu- og arbeidsmarknad og dekke næringslivet sitt transportbehov.
- Eit meir effektivt transportsystem der mellom anna auka bruk av konkurranse vert nytta for å få eit best mogeleg transporttilbod for dei samla ressursane til transportføremål.
- Eit transportsystem som er tilgjengeleg for alle og eit transporttilbod som gjer det mogeleg for alle å leve eit aktivt liv.

Med unntak av Avinor la transportetatane fram sine forslag til handlingsprogram den 1. februar 2005. Føremålet med etatane sine handlingsprogram er å sikre at det vert lagt opp til ein effektiv gjennomføring av tiltak innanfor deira ansvarsområde for å oppnå dei måla som er fastsette gjennom Stortinget si handsaming av St.meld. nr. 24 (2003-2004) Nasjonal transportplan 2006-2015.

Fylkeskommunane er høyringsinnstans for Jernbaneverket og Kystverket sine handlingsprogram og for stamvegdelene av Statens vegvesen sitt handlingsprogram. Når det gjeld handlingsprogrammet for øvrige riksvegar så skal dette handsamast både av fylkeskommunane og Vestlandsrådet. Medan fylkeskommunane skal gje uttale til post 30, er post 31 (rassikring) og post 60 (investering på øvrige riksvegar) midlar som ligg under forsøket. Vestlandsrådet vil ha ei to-delt handsaming av Statens vegvesen sitt handlingsprogram. I møte 3./4. mars vil rådet uttale seg til dei overordna prinsippa i forslaget medan fylka sine konkrete innspel vert handsama i rådet sitt møte 22. april. Høyringsfristen er 1. mai.

Fylka har følgjande prosess for handsaming av handlingsprogrammet:

Rogaland fylkeskommune:

09.02: Kortfatta orientering på møte i samferdselskomiteen.

06.04: Behandling i samferdselskomiteen

26.04: Behandling i Fylkestinget

Det er her ei utfordring at handsaminga i Vestlandet kjem før handsaminga i fylkestinget. Innspela til Vestlandsrådet vil difor bli på grunnlag av behandling i samferdselskomiteen og eventuelt fylkesutvalet med forbehold om eventuelle justeringar i fylkestinget sitt vedtak.

Hordaland fylkeskommune:

12.04-13.04: Handsaming i Samferdselsutvalet

27.04-28.04: Handsaming i Fylkesutvalet

04.05: Handsaming i Fylkestinget

Frå Hordaland er det vedtaka i Samferdselsutvalet som må ligge til grunn for innspel til Vestlandsrådet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune:

26.01: Kortfatta orientering om høyringsprosessen på møte i Hovudutval for samferdsle

08.02 – 10.02: Orienteringsmøter for kommunane

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Signe Eikenes

Arkivsaksnr.: 05/00028

16.03: Handsaming i Hovudutval for samferdsle

30.03: Handsaming i Fylkesutvalet

12.04: Handsaming i Fylkestinget

2. Post 60, øvrige riksvegar

Økonomiske rammer:

I St.prp.nr.1 Tillegg nr.2 (2003-2004) Forsøk innanfor samferdselsområdet, heiter det at budsjettoplegget i forsøket med alternativ forvaltningsorganisering av transportsystemet i Bergen skal tilpassast Vestlandsforsøket. Dette medfører at den delen av den fylkesfordelte riksvegramma i Hordaland som skal gå til forsøket i Bergen skal fastsettest av Vestlandsrådet. Den fylkesfordelte riksvegramma i Hordaland er med grunnlag i vedtak i fylkestinget i dag delt likt (50/50) mellom tiltak i Bergen og tiltak i Hordaland elles i perioden 2002-2011. Denne fordelinga av den fylkesfordelte riksvegramma i Hordland må vurderast på ny for perioden 2006-2015. Dette vil avgjere dei attverande rammene i Hordaland som vert ein del av Vestlandsforsøket. Fylkesrådmannen legg til grunn at den foreståande handsaminga i fylkestinget i Hordaland om dei økonomiske rammene for handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan 2006-2015 må tilleggjast avgjerande vekt ved endeleg fastsetjing av rammene for Vestlandsforsøket.

I forhold til Vestlandsforsøket er det ynskjeleg at det frå sentralt hald blir gjeve dei same høve til reell prioritering som ein for eksempel har fått i byforsøket i Bergen. Det gjeld mellom anna i høve til prioritering av midlar til kollektivtrafikk. Det kan vere aktuelt å kunne omprioritere midlar som er avsette til investeringar i strekningsvise kollektivtiltak i storbyområdet på Nord-Jæren (Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg) til driftstiltak dersom dette er meir tenleg for å oppnå eit godt kollektivtilbod. Byforsøket i Bergen har høve til å gjere slike omprioriteringar.

Samordning av riksveginvesteringar i forsøksområdet:

Ei av forsøksordninga sine målsetjingar var i større grad å få vurdert behovet for samordna satsing og planlegging av den delen av riksvegnettet som krysser fylkesgrensene eller som på andre måtar har ein landsdelsfunksjon. Handlingsrommet for slike vurderingar er ikkje synleggjort i regionvegsjefen sitt forslag til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015. For å ivareta ei viktig side og grunngeving med forsøket ser fylkesrådmannen det som nødvendig at grunnlaget for ei slik vurdering kjem på plass. Fylkesrådmannen vil difor rå til at regionvegsjefen fram mot handsaminga av handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan i det enkelte fylke utarbeider ein oversikt over vegstrekingar som krysser fylkesgrenser eller på andre måtar har ein landsdelsfunksjon, der det vert synleggjort investeringsbehov, planbehov og det som no er foreslått prioritert i forslaget til handlingsprogram.

3. Fordeling av midlar på post 31 Rassikringstiltak

For fordeling av midlane på post 31, rassikringstiltak, har Statens vegvesen Region vest laga ein prioriteringsmodell for aktuelle tiltak. Vektinga er slik:

Parametre	Vekting (%)
ÅDT – årsdøgntrafikk eller gj.sn trafikk per døgn	20
Rasfaktor – eit tryggingsomgrep som tek omsyn til delvis og totalt sperring av vegen som utgjer fare trafikantane	20
Omkøyning – meirtid ved moglege omkøyning	15
Stengningsfrekvens – tal på heilt stenging av vegen	15
Spesiell trafikk – t.d skolebuss, ekspressbuss, viktige nærings- og godstransport	10
Naboras – ein faktor når vegen er stengt av ras og nye ras kan kome	10
Stamveg – viktige hovudvegar vert tillagt ekstra vekt	10
	Sum 100

I tillegg til Region vest har også Region nord teke i bruk denne modellen.

Fylkesrådmannen meiner modellen gjev eit godt grunnlag for prioritering og sluttar seg til den økonomiske fordelinga som modellen gjev. Dersom fylka ynskjer ei anna prioritering må dette gjerast med eigne prosjekt innanfor fylket.

4. Ferjedrift

Ferjene er ein sentral del av transportsystemet på Vestlandet. Vidareutvikling av eit godt ferjetilbod er difor svært viktig. Stortinget vedtok ny ferjestandard i samband med handsaminga av St.melding nr. 24 om NTP 2006-2015. Den nye standarden representerer ein reduksjon i opningstid og frekvens for dei lågtrafikkerte sambanda. Samtidig presiserte Stortinget at den ikkje skal medføre ein reduksjon i tilbodet på eksisterande samband. Det er viktig at det siste punktet vert følgt opp i forhold til dei anbudsprosessane som nå skal gjennomførast slik at vi ikkje endar opp med eit samla sett dårlegare ferjetilbod i framtida enn det vi har i dag. Detaljar rundt det enkelte samand i fylka vil bli handtert i den fylkespolitiske handsaminga av handlingsprogrammet i det einskilde fylke.

5. Høyringsuttale til Handlingsprogram for Kystverket, Jernbaneverket og Stamvegnettet: Stadt skipstunnel:

I Vestlandsrådet sin handlingsplan står det ma følgjande om Nasjonal transportplan: ”Vi vil arbeide for at Vestlandet blir knytt tettare saman med ein skipstunnel ved Stad for å ”fjerne” den farlegaste

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Signe Eikenes

Arkivsaksnr.: 05/00028

kyststrekninga i Norge". I Stortinget si handsaming av Nasjonal transportplan, St.meld nr.24 om NTP 2006-2015 fekk Kystverket tildelt 5 mill.kr for å klargjere grunnlaget for anbudsinnhenting og for å vurdere ei muleg realisering av prosjektet. I Kystverket sin handlingsplan saknar vi eit meir konkret opplegg for dette. Vi føreset at prosjektet får god framdrift, og vi vil be om å få meir innsyn i og delta i arbeidet.

Stamvegnettet:

Regjeringa har i sitt forslag spesielt prioritert ei meir samanhengande utbygging av den høgfrequente delen av stamvegnettet. I perioden vert det starta opp arbeid med 135 km firefeltsveg i Oslofjordområdet til ein kostnad på 15 mrd kr totalt. Dersom ikkje desse utbyggingane vert finansierte med ein høg bompengedel vil dette gje ei svært skeiv fordeling av dei statlege investeringane. Dårleg vegnett, bompengar og mange ferjestrekningar i Vestlandsregionen gjer at konkurransetilhøva for næringslivet i distrikta er dårlegare enn t.d. i austlandsområdet.

Når det gjeld E 39 vert denne teke opp i eiga sak.

Vestlandsrådet vil uttrykkje bekymring for det aukande etterslepet på vedlikehald både på stamvegnettet og det øvrige riksvegnettet.

6. Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen rår til at Vestlandsrådet, som ein del av Vestlandsforsøket, tek til orientering den fylkesfordelte økonomiske planramma til Rogaland og Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen føreset at fylkestinget i Hordaland avklarar fordelinga av den fylkesfordelte riksvegramma i Hordaland mellom Vestlandsforsøket og forsøket i Bergen. Vestlandsrådet må få den same friheitsgraden til prioritering av kollektivmidlar innanfor forsøksramma som det ein har i byforsøket i Bergen.

Fylkesrådmannen vil rå til at regionvegsjefen fram mot handsaminga av handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan i det enkelte fylke utarbeider ein oversikt over vegstrekningar som krysser fylkesgrenser eller på andre måtar har ein landsdelsfunksjon, der det vert synleggjort investeringsbehov, planbehov og det som no er foreslått prioritert i forslaget til handlingsprogram.

Fylkesrådmannen rår vidare til at Vestlandsrådet, som ein del av Vestlandsforsøket, sluttar seg til det føreslegne samla handlingsprogrammet for rassikring i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Dei komande anbudsprosessane for ferjesektoren må ikkje føre til ein reduksjon i standard på ferjemateriell, opningstid og frekvens. Tvert i mot føreset vi at eventuelle kostnadsreduksjonar som følgje av anbod skal tilbakeførast i eit betre tilbod på det enkelte samband. Vestlandsfylka må takast med i anbudsførebuingane slik at våre interesser vert sikra på ein god måte.

Vestlandsfylka må få meir innsyn i og høve til å delta i arbeidet med Stadt skipstunnel, og vi forventar at Kystverket legg opp til ei god framdrift for prosjektet.

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Signe Eikenes

Arkivsaksnr.: 05/00028
